Sterkenils.



Av

Jorund Telnes.

Bokreidar: Bertrand Jensen. Oslo. 18



Julius E. Olson

1899.



Jørund Telnes.

Sterkenils

av

Jørund Telnes

2dre Utgaava



Kristiania
Bokreidar: Bertrand Jensen
1899

Prenta hjaa S. & Jul Sørensen.

Fyrispil.

Mine Visur dei æ ala
Under Fjøll aa Furuli,
Men eg hev'kje lært aa sala
Hesten som i gamal Ti.
Nye Fargar naa bli sprengde
Jvi gamle Heimegrunn:
Gamle Tonanne bli stengde
Ute ifraa Sæl aa Munn.

Aa saa hev eg inkje Tonen,
Som fraa gamle Horpa rann.
Æ dæ inke Synd at Sonen
Inkje Faers Vise kann?
Noko uppi Halsen kjøver,
Saa eg fær 'kje Maale ut:
Goe Valmaale eg tøver
Te ein vesall Kraambuklut.

Kvea maa eg, hoss d'æ laga:
Noko maa eg sjav ha gjort;
Etter Visur maa eg jaga,
Um dei inkje dugjer stort.
Naar eg paa mitt Arbei sullar,
Hell naar Ti=i fell meg lang,
Hell naar alt ikring meg tullar,
maa eg hava meg ein Sang.

Mangt i Heimen kann deg mana
Fram te Leik aa Sang aa Dikt.
Mangt æ vrangt aa som forbanna:
Vond aa harm eg saang um slikt.
Du som bære Verk kann gjera
Skaa naa inkje læ at meg:
Eg skaa ingjo Avunn bera,
Tusen Takk eg sender deg!

Sterkenils va ein gruveleg sterk Kar, d'æ sannt dæ! truleg, etter Segni, endaa sterkare hell »Storegut«, som han helles æ mykjy lik i sume yttre Hende.

Sterkenils va fødd i Brunkeberg paa ein liten Husmannsplass som heitte Rulleteig, men hosta Aar heve eg inkje fengje sannspurt. I 1752 blei han Søllater aa va daa utkondera te Fredriksverns Festning, daa den blei uppatte bygd paa nytt Lag. I 1760 va han mæ i dei norske Mannskapi, som blei utkondera te Holstein, daa den holstein-gottorpske Hertugjen, som hae blive Rysk Keisar, kom fram mæ Krav paa ein Lut av Slesvik. Sterkenils laag ute ikring sju hell aatte Aar; denne Ugreia vara lengje, den, helt te 1773.

Sterkenils va ti Aar paa dæ fjore Tjugje, daa dæ gjekk saa ulykkeleg at han blei ihelslegjen av Eivin Napasto, som han hae halle fe sin beste Ven. Denne Ugjerningji hende 1801. Ein kann saaleis sjaa, at Nils heve maatt vore ein gamal Søllater, daa han blei utkondera te Holstein. Du veit dei lout tene Kongjen saa lengje i dei Daganne.

Her æ mange, som heve yngst aa faa sjaa noko paa Prent um Sterkenils, aa daa dæ ser ut te, at

ingjen dugalegare vi gjera dæ, heve eg tenkt, eg ville freiste. Aa kann dæ hende, at vrang Stav æ bære hell ingjen.

Daa eg visste, at eg inkje kunne maale anten mæ Diktars Haand hell Diktars Fargar, heve eg i dæ meste halle meg te Sogo, saa som ho gjeng paa Folketunga i Selljor, aa heve inkje Sterkenilsen min blive for liten, saa heve han daa inkje blive for stor.

Paa Vers eg ei Sogu naa seta skaa
Fe alle, som Hug hev te lye paa:
Dæ æ um ein Gut, som æ vær ein Sang,
Saa den burde vera baate go aa lang.

»Sterkenils» Navne æ paa min helt,
Aa bære dei slær'n 'kje upp i Velt!
Dæ Navne dæ æ fulla viom kjent,
Men de beste æ gløymt, som mæ honom æ hendt.

Ei Kjempe han va av dæ gamle Sləg,
Her føas 'kje slik' etter denne Dag!
Aa dæ som mæ Sanning eg att kann faa,
Dæ vi eg naa prøve aa kvea paa.

Der Magti æ stor, der æ Vite mæ:
Dæ æ naa ei Lykke i Væri dæ,
At kollutte Ky dei fekk inkje Honn,
Aa ti Manns Vit æ der i ein Bjønn.

Nils bli fødd.

Gjenge som: Nu har det kommet i mine Tanker.

Han kom te Væri, denne Karen,
Paa vesle Plassen Rulleteig
I Brunkeberg paa Grovegaren —
Dæ endaa den som Olav eig;
Naa æ han innattlagd te Jore;
Men Tufti kann du ennaa sjaa, —
Men sannsagt gjenge naa dæ Ore,
At Sterkenils kom derifraa.

Ei Gaang laag Mor honoms aa drøymde:
Ho tottes sjaa saa stout ein Kar —;
Aa denne Droumen væl ho gjøymde;
Dæ va som ho ein Otte bar:
Fe, daa ho vakna, uppi Nuten
Ho desse Ori høyre fær:
»Naa be eg deg, du passar Guten,
Som du innunder Belte ber!«

Saa gjekk ho ne-i Jore breidde,
Aa mæ ein Ask som stende der,
Der blei ho sjuk: ein Gut ho fødde;
I Doupen Navne Nils han fær;
Den Askjen kunne lengje syne,
Der Nils han fekk sin fysste Vask;
Fe han va stor aa seig aa tyne;
Aa han blei kalla Nilses Ask.

Tvo Kjeringar som ingjen kjende,
Dei kom aa navla Baane daa;
Dæ va den fyst' aa seinste Vende,
Som ho dei Kjeringann fekk sjaa.

Dei dette kva, daa bort dei kverver:
»Den Guten skaa bli stor aa hæv,
Han Magti skaa av »Grute« erve,
Naar Merramjølk de honom gjev«.

Aa ofte høyrde dei, dæ mussla,
Mæ Vogga av seg sjov ho gjekk.
Rett som dæ va, saa ut dæ russla,
Fe Staal dei snart i Vogga fekk:
Ein Kubbestol ikoll dæ rende,
Dæ oua aa dæ barma seg:
»Naa æ dæ visst den seinste Vende,
Me kjeme hit aa voggar deg!«

Dæ æ Segni, at Nils blei uppfødd med Merramjølk, aa at dæ va den, som gjore honom saa sterk.

Vesle Nils mæ Lammi um Vaaren.

Gjenge som: Bandt alle Lande i Øst og Vest.

Aa »Baan« aa »Veslegut« heiter eg,
Men Pil aa Bogje hev eg mæ meg:
Kom Reven roue,
Naa skaa du doue,
Naa skyt eg deg!

Aa hei aa haa, dæ bli Moro naa:
Naa maa eg gjæte dei Lammi smaa!
Der Soli skine
Paa Blomann fine,
Der skaa dei gaa.

Nei Rev, du slett inkje tenkje maa
At du meg Lammi skaa stela fraa:
Kjem du i Mogjen,
Eg skyt mæ Bogjen;
Dæ skaa du sjaa.

Der sullar Bekkjen aa Soli skin,
Der set eg Blomar i Hatten min,
Der hev eg Baatar
Aa Skip aa Flotar
Paa Sjøen fin.

Te Mast eg set upp ei Hanafjær
Aa ut te Gulllande daa eg fer.
Sjaa Skipi reilar,
Aa sjaa dei seilar,
Snart æ dei der.

Saa kjem eg att mæ ei Tunne Gull,
Mæ Lamm aa Souir mæ Silkjeull,
Mæ Fuglar kjøne,
Baat' blaa aa grøne,
Som syng i Krull.

Nils æ borte gjæter.

Naar Soli gyller høgste Nut,
Or Sengji dei meg riv:
Mæ Stort aa Smaatt, mæ Lefs' i Klut
Eg ut te Skogjen driv.

Eg jalar ifraa Nutann ner,
Aa Gjeitann kring meg krur,
Eg Fjøll aa Bygd ikring meg ser
Aa blæs i Langelur.

Som eg i Brakandalen va,
Heelt Bjønnen slik ein Støy;
Eg sto aa skalv som Ospebla:
Eg trudd' eg skulle døy.

Aa Bjønnen kom paa Tvobein ou, —
Dæ va ein Gufse-Kar, —
Han slo mi Vetrungs Kvige dou,
Aa bort han hennar bar.

Men Gjeitann uppi Fjølle floug,
Der Ørni bygde Rei,
Aa alle Kyne i ein Houg
Dei sette etter, dei!

Dei blees aa bura, aa dei grov
Aa stanga Jori upp,
Aa Bjønnen som ein anen Tjov
Lout røme hovustupp.

Men Gvitfell uppi Skuten leet,
Han ha forloupe seg:
Eg sto aa lokka, aa eg greet,
Aa Gvitfell svara meg.

Aa Gvitfell, Gvitfell, dett du ne,
Eg syter meg ihel!
Daa kann eg inkje vera te!
Dæ tott' eg, minns eg væl.

Men Asbjønn Farstoul fira blei
Utfyri ville Skut, —
Han tok saa mangt eit Ørnerei,
Dæ kann du tru va Gut!

I Himelshøgdi sveiv han der
I Bastetougji lang, —

Eg syns eg honom ennaa ser —
Mæ Gvitfell i sitt Fang.

Eg heiltupp kysste Bukkjen min,
Kring Halsen honom treiv;
Aa Gvitfell mekkra Glæen sin,
Aa etter meg han sveiv.

Nils tener hjaa Selljorspresten.

Som: Til ein Hermann var Storegut skriven.

Fe Presten eg naa heve gjengje,
Aa naa maa eg syte meg sjav:
Eg Helsa aa Styrkje hev fengje,
Aa Rikdom eg veit inkje av.
Eg fær ihjaa Presten Herr Ole
Ny Klænning fraa Haand aa te Fot:
Nyss Vest fekk eg av honoms Kjole,
Te Brokji mi fekk eg ei Bot.

Men Aari, der heime eg stuka,
Dei gløymer eg aller min Dag:
Daa Beri eg plukka i Skrukka,
Daa va dæ i ljosaste Lag!
Daa Paggjen i Haandi eg hae,
Dæ tottes meg falle saa rart;
Aa Mor ho sto tuttra aa sae:
»Du lyes væl heimatte snart!«

D'æ gott ihjaa Presten aa vera,
Aa Fruga æ ovlæte snill.
Dæ, som dei meg set, kann eg gjera.
Igjaar fekk eg Laks, som va gill!

Men her kan du tru dæ æ Leven,
Forstyra dei meste meg gjer:
Eg tott dæ va gillt uppaa Groven,
Men dæ va naa lite mot her.

Her æ naa saa fælt mæ den Stasen,
Saa et dei mest alt, som æ te!
Her bræser dei Fugel aa Jasen,
Saa Nasanne gjenge mest te!
Aa rett som dei dansa aa staaka
Aa kva, daa her Gjestebo sto,
I Sko aa i Stakkar dæ braka,
Mest like som Tora ho slo!

Men fælast va Klappen aa Kyssen!
Som Hønur paa Tæann dei sto,
Dæ tottes eg heilt va eit Bissen
Aa tola fe Kjøt aa fe Blo!
Dæ æ daa forskrekkjeleg Jentur,
Som like paa Karanne flyg!
Men dæ va naa Fantar aa Fentur, —
Naa kann de væl tru eg'kje lyg.

Her gjeng her i Garen ei Jente,
Som æ saa urimeleg bli,
Ho halle seg naa av dei plente,
Eg trur a ho gifte seg vi!
Men, Sigri, dæ tar du 'kje tenkje!
Nei aller saa frir eg te deg!
Du tar inkje Kinnpusten blenkje,
Aa hava slik Umsut fe meg.

Nils syng um daa han aa Gjermunn va Smaagutar.

(Gamall Stevtone.)

Der stend eit Tre i min Faers Ton,
Som blikar mæ Louve paa:
Kringum dæ me sprang som Bon
Aa bygde Husi smaa.

Ennaa eg minnes saa ven ein Vaar:
Soli paa Fjøll rann upp;
Byljo ho rulla mot Straandi klaar,
Aa Fuglanne saang i Topp.

Staren han kvittra paa Stogutak,
Pus laag paa Hella lat;
Erla i Tone hoppa spak,
Aa Skjeri paa Spiren sat.

Mor ho sat i Svolegang,
Kinna paa Romen sin:
Kringum me mæ Boganne sprang
Aa skout gjønom Laavedynn.

Liten Bekk innmæ Stogo rann,
— Han ennaa mi Vise kann —:
Der sette eg baate Sag aa Kvenn,
Aa seila te Engelland.

Kringum Husi grøne Eng
Bylja me Blomar smaa:
Dei rosutte Fivrell mæ Gull paa Veng
Me der ville fange aa sjaa.

Av Siljukvist me Fløyta skar,
Aa Lu me flette av Or.
Fraa Skogjen me Ber i Skrukka bar
Heimatt te Far aa Mor.

Aa naar eg nye Klæir fekk,
Eg minnes, hoss eg va gla!
Naar Kniv aa Slir paa Knappen hekk,
Alt voksen Kar eg va.

Naar me mæ Fiskestaangji gjekk,
Aá ja, dæ va væl Leik!
Kvor Gaang ein Fisk paa Krokjen hekk,
Av Gle-e høgt me skreik.

Aa naar at eg va Juringgut,
Eg klouv i høge Tre,
Huska paa Grein, aa utivi Nut
Eg rulla Steinen ne.

Gille Kjempur me stundom blei,
Som Roland og Buremann:
Te Kamp me paa Slaategjære rei,
Aa Ougo i Kjempunne brann.

I Nævrehatten me Fjærir bar,
Sabelen va av Tre,
Aa um Kjempa va aller saa stri aa har,
Saa maatte ho endaa te.

Nils hae ein Gut, som døe før honom, daa han va eitt Aar, som ou heitte Gjermunn: han hae reist upp Bror sin.

Nils syner Magti si.

Som: Stærkodder satte sig ned under Bakke.

»Nils!« ropa Presten, aa Nils honom svara,
»Nils! Du maa Skuresand hente i Dag;
»Upp te Aarnoteren maa du naa fara,
»Her skaa naa vera et gripalegt Lag:
»Bispen skaa koma; aa ver naa 'kje sein!
»Golvi maa skuras saa gvite som Bein.

»Sekkjen ligg hera, du full honom teke, —
»Vegjen den æ naa baat' lange aa tung, —
»Kvartele tek'n, naar du honom skjeke;
»Tungt bli dæ endaa: du æ naa saa ung!«
»Inkje gjeng eg mæ slik Pose avsta,
»Gjev meg ein Tunnesekk, daa æ dæ bra!«

»Ja«, svara Presten, sto lædde aa gliste,
»*Den* teke Tunna aa *den* kann du faa.
»Maren, fyll Skreppa fe honom mæ Niste!
»Um fjorten Dagar, du kjem naa væl daa!«
»Daa maa de vente,« sa' Nils aa tok ut.
Presten sto lo at slik Tulling te Gut.

Liksom ein Jase av Gare han sette,
Skoti dei bratte han tok i ein Pust.
Ungdomen veit du æ mota aa lette,
Teke Prinsessa, — aa dæ gjenge flust.
Nils fyllde Sekkjen — han va inkje bloug —
Spønde saa heimatt, saa Flettunne floug.

Tri Fjorongveg ha' han Sekkjen aa bera:
Dæ maa du tru va ein skymeleg Rygg.
Dæ fysste Karstakje honoms skaa vera:
Daa fekk dei sjaa han i Magti va stygg.
Heimatt' han kom, daa dei Undaalen aat:
Dæ va 'kje fritt, anna Skjurta va vaat!

Steig han i Stogo, saa Tile dæ sekkna, —
Slengde nė Sekkjen, laag flekkt som ein Lu.
Presten han hopa aa blei saa han blekna,
Snoutt sine Ougur han sjav kunne tru.
»Naa«, sae Nils, »æ daa Sekkjen din full,
»Ha' dæ naa bare saa sannt vore Gull!«

Aarnoteren ligg i Norgarsmarkji tri Fjorongveg suvest fraa Selljors Kyrkje. Der æ saa go Skuresand. Her æ ennaa mange, som hentar Skuresand derifraa.

Anne Li trallar um Vaaren.

Som: Ein Huldrelokk.

Høyr, dæ knepp i Laasen!
Husk utav Baasen!
Louve sprett i Aasen;
Der durar Fossen fri,
Der stende Blomen bli,
Aa Grase dæ grøne.

Vaarklokka timar,
Aasanne glimar
Aa Juringjen rimar.

Fuglann borti Holti kve,
Goukjen gjel saa vent fraa Tre,
Aa Huldri gjeng aa lokkar.

Soli skin i min Gar,
Soli skin i din Gar,
Aa Orm seg i Tuva ringar,
Fløyta vent fraa Skogjen læt,
Saa han stend i Doggji græt,
Aa Bekkjen gla seg svingar.

Trala la la la, ja!
Eg æ saa sæl aa gla, ja!
Seer'n gvor ein Sta, ja!
Ingjen Fugel daara meg:
Næste Vaar paa Kyrkjeveg
Ber eg Brurkrona.

Nils fortel um sine Ungkarsdagar.

Som: Jeg er en simpel Bondemand osv.

I Selljors Dal æ onaleg
Innunder Skorve-Fjøll:
Eg mangein Dag hev sulla meg
Bortpaa den vene Voll!
Der va eg titt i Lag aa Ly
Aa inni Dansen fouk, —
Daa va dæ Ungdom frisk aa kry! —
Aa Eivinn Jensson strouk.

Der saag eg mangei gille Møy,
Som Blom bar i sitt Kinn;
Men mylljom alle dei va ei,
Som sat i Hugjen min!
Den fysste Gaang eg hennar saag, —
Dæ va mæ Kyrkjele, —
Dæ va som noko i meg drog,
Aa bloug ho stirde ne!

Eg gjore baate svei aa brann,
Eg sytte aa va gla,
Aa saa ein Loudagskvel eg rann
Paa Ski te ho avsta.
Dæ endaa seinst i Joli va,
Mæ Maanen sat i Li.
Aa heimatt' kom eg ou saa gla,
Fe daa va Anne mi!

Eg heile Dagjen saang aa kva,
Alt tulla kringum meg;
I Droumanne ho fe meg va,
Eg va saa lykkeleg!
Ja du kann tru, at eg va gla:
Snoutt kjend' eg der eg sto!
Daa eg ha fengje Annes Ja,
Va heile Væri go!

Dæ bar saa te, at der va ein Hund paa Prestegaren, som heitte »Fallan«, aa paa Juve va ei Tik. Um Loudagskvelanne, naar Nils reiste te Anne, som teente paa Li, stellde »Fallan« ou seg te aa vera me. Nils aa »Fallan« fygdes daa. Dette totte Nils va rart, kann du vita. Som han eigaang i Maaneljose rennde paa Ski bortivi Klokkarstogumoen, aa »Fallan« dilta jamsis, høyrde dei Nils huska aa lædde aa kva dette Verse:

»Nils aa Fallan reste bort fri,
Nils aa Fallan reste bort fri,
Fallan te Juve, Nils te Li,
Fallan paa Husko,.Nils paa Ski
Endaa kom Fallan førr te si!«

Dette Verse som gjeng paa ein Hallingslaatt, spela Son te Nils, Olav Gullbekk, ofte; han va Spelemann, han. Aa gvor Gaang, han hae spela dæ, sae han: »Dæ æ, heilede, Visa etter Far du! daa han fridde te Mor«.

Eivin Jensson va ein gamal Mann, daa Nils teente i Prestegaren. Han hae legje ute i sin Ungdom aa va ein ovlæte go Spelemann. Daa han kom heimatte, dikta han ein Slaatt, som han kalla »Fanteguten«

Nils kjem te Anne.

Nils.

Aa smett av Krokjen aa mæ dæ sama
Dæ æ saa leiskleg aa stande glama;
Dæ va ulileg, skull nokon gaa,
At eg sto hera aa banka paa!

Anne.

Hokk æ dæ naa, som stend der aa bankar?
Her æ saa mange som ute vankar!
Du kann naa slett inkje koma inn,
Førr du fortel, hot du æ fe ein.

Nils.

Saa kall ein Noravind kring meg tyte,
Dæ æ saa kallt stande lengje ute!
Aa eg æ eismall, aa dæ æ *eg,*
Eg veit naa vist, at du *kjenner meg!*

Anne.

Saa kom saa inn, men far fint i Dynni:
Ho skrike saa i dei stygge Jønni.
Aa Saave hera, ho æ saa stor,
Ho ligg aa lyer paa gvort eit Or!

Anne flyt paa Stoulen.

Som: Kjeringji mæ Staven.

Bjøllunne upp me vender,
Upp me paa Stoulen sender,
Der skaa me heile Sommaaren bli,
Der stende Blom aa Smyle i Li.
Bjøllunne upp me vender.

Ryngja eg ber paa Armen,
Etter kjem heile Farmen.
Borkjen han kjem me Klyvi si ou,
Der hev eg Salt aa Kjæse aa Brou,
Salmebok i Barmen.

Hugaros aa Fribot!
Kranselin aa Libot!
Kyne, kusæt! kom store og smaa!
Sikk, sikka Sou! Kir Stuten den graa!
Husprei aa Vibot!

Lokkjen mot Fjølle ljomar!
Runntom æ Sol aa Sommaar!
Paa Stoulen me fer mæ Holkar aa Spann,
Der skaa dei sjaa hot Anne ho kann.
Sumtelu sumtu seia!

I Haddinn æ gott aa gjæte,
Bjøllune kring meg læte!
I Skuggjen eg der mæ routt aa me grønt
Navne aa Kongjens Krone saa kjønt
I Skjurta fe honom sete.

Fuglann i Holti kvittrar,
Tjønni ligg mjuk aa glittrar,
Loudagjen kjem, aa Soli ho sig:
Daa veit eg ein som Kleivanne stig!
Sumtelu sumtu seia!

Paa Nils's Ti aa derumkring va Karmannsskjurtunne utsouma i Bringa. I Vesten va eit runnt Hol, aa under dæ souma i Skjurta lae dei ein Ulledott, som dæ flamesouma i Skjurta sto ut igjønom Vesten.

Nils kjem te Anne uppaa Stoulen.

Som: Gaar jeg nu mig i den grønklædte Skov osv.

Upp ifraa Dalen ei fin Sommaarnaatt
Sprang han te Anne aa tulla ein Slaatt;
Fossen han dura i Skare i Skom;
Fjølle sto anga i Louv aa i Blom.

Bekkjen han sulla aa hoppa, va gla;
Vinden han leika i Louv aa i Bla;
Bjørkji ho blekkra aa sto som ei Brur,
Helsa vælkomen i Li aa i Ur.

Slaattanne vene han høyrd' i ein Nut,
Utmæ der houka aa lædde ein Gut:

Nils blei saa undeleg av denne Leik,
Maanen sto vakte paa Fjølltoppen bleik.

Naatti va ljose, ja mest som ein Dag;
Sjav va han ou i sitt gla-aste Lag:
Vakjen han drøymer aa trallar aa kve,
Gjeng som han ville traa Nutanne ne.

Runnt ikring Sele laag Souir aa Nout,
Kaasa aa jorta i Mosaseng blout,
Geitanne laag inni Eisa, dæ Kraam!
Gvitfell mot Nils som ein Offser han kaam.

Inne sat Anne mæ utslegje Haar,
Aa liksom Blomen ho blømd' i sin Vaar.
Igjønom Selsveggjen glytte han inn,
Der sat ho Anne aa glødde i Kinn.

Steig han saa inn aa Gukvell hennar bou,
Rett' hennar Haandi si breie aa rou;
Ho flidde si aa la Hjartae te,
Aa innmæ hennar han sette seg ne.

Saag hennar djupt inni Ougae inn,
Anne ho rouna saa vent i sitt Kinn.
Sat dei saa drøsa der heile den Naatt,
Morgosol seinste paa Tindanne spratt.

Anne va liti, men flink aa gvass av seg. Ho gjekk ifraa Langedal ivi Fjølle te Nes, ei go halv Mil, skar Maale sitt aa gjekk heimatte sama Dagjen.

Tussen frir te Anne.

Tone av Droumkvæde.

Anne ligg drøymer, rou aa gvit;
Bekkjen han ute silar.
Framm paa Sengji ein Gut der sit;
Saa vent han kve og spilar.

Vinden leikar i Bjørkeli,
Bekkjen han ute suslar.
Mæ Smiledokkji saa ven aa bli
Den Guten te Anne muslar:

»Vakre deg naa, mi venaste Møy!
»Lykka ho paa deg drygjer.
»Eg vi leva mæ deg aa døy,
»Naar heim-te mæ meg du fygjer!

»Sylv aa Gull saa heve eg nokk,
»Garar aa blanke Salar;
»Me hev' sama Prest aa Bok,
»Aa sama Maale me talar!

»Tak denne Drykkjen eg retter deg«,
— I gylde Stoup han blenkte —
»Du skaa naa bli saa sæl mæ meg,
»At du dæ visst aller tenkte.

»Heime sit Mor aa ventar deg,
»Syster aa alle sama.
»Drikk ut Stoupe aa fyg mæ meg
»Der æ dæ Leik, du, aa Gama!«

Anne ho laag aa las aa ba,
I Klæi ho væl seg dytte,
Daa ho saag upp, ho eismall va,
Aa Soli fram ho glytte.

Anne kve mæ ho gjæter.

Gamall Stevtone.

Naa æ eg som ei Fele gla,
Som Hind i grøne Dalar:
Eg tenkjer paa 'n gvor ein Sta,
Aa te 'n kve aa jalar.

Der bortmæ Haddinn gjæter eg
Graasou aa alle hine.
Eg lokkar paa Graasou, han svarer meg,
Saa soumar eg Rosunne fine.

Aa Graasou du æ min egjen Sou,
Aa derfe saa bere du Bjølla.
Eg gjeve deg Salt aa eg gjeve deg Brou,
Saa legge du Osten i Kolla.

Mæ Graasou eg heve Soulykka mi,
Aa Graasou hev inkje noua,
Fem Lamm hev han havt paa dei Aari tri,
Aa ingjo av dei heve doua.

Aa Graasou han hae dei Lammi tvo,
Ein Bøkaar aa saa ei Spire.
Han gjeve meg Ulli saa fin aa go,
Te Housten dei Merkanne fire.

Aa Graasou han æ naa saa kjælen, han,
Aa meg kann du tru han kjenner.
Ei Jakkull eg gjøymer, te eg fær Mann,
Eg gjere baate veftar aa renner.

Nils ber heimatte Frølin.

Som: Ifjor gjætt' e Geitenn.

Saa va dæ ein Dag som dæ regnde aa ruta,
Juringjen kom heim, aa han ylde aa tuta.
»Aa Frølin ho Foten sin av heve brote,
Her høgt uppi Li-i ho ligg i ein Brote!«

Daa sprang dei av Gare baade Gutar aa Jentur,
Ja Presten aa Fruga aa Fantar aa Fentur.
»Aa stakkars deg, Kyri mi, ligg du saa ille!«
Aa fraa hennars Ougur ein Taarinn saag trille.

Te Frølin mæ Hest va 'kje Raa mæ aa kaama;
Men saa ha dei Nils, aa saa blei dæ dæ sama.
Aa Nils han tok Frølin aa la' ho paa Nakkjen,
Aa bar ho saa heimatt' aa la ho paa Bakkjen.

Slikt hev eg høyrt gjete at Bjønnen kann gjera,
Men naa va dæ Nils som at gjere dæ hera.
Mæ Frølin dei stelde aa kjæla aa smekte,
Ho saag paa dei blitt, aa ho routa aa slekte.

Dæ vaa naa saa vonnt, at du kunne faa graate!
Aa dæ va den gillaste Kyr, som dei aatte!
Dæ va som ho skjønna, ho feig maatte vera,
Aa aller ho meir skulle molke hell bera.

Nils dengjer Svartdalskjempa.

Som: Je teente paa Kjølsta ifjor.

Han Steinar Svartdal va Kar,
Som inkje skalv i Slira:
Han va baade sterk aa har,
Han laag førr att', førr fira.
Mæ Kniven han spøkte ou,
Dæ va inkje langt førr dæ small:
Or Bufærinn mangein Sou
Aa Konn han paa Basstogunn stal.

Som full han i Vegjen dreiv,
Saa møtte han »Herr Ole«:
Av Hesten han Presten reiv
Aa sleit sund honoms Kjole:
»Gakk inkje aa skjell paa meg;
»Daa Sylv eg i Kyrkja stal,
»Daa blei eg melde av deg,
»Du gav meg fe Retten fal!«

Aa stakkars den goe Prest,
Som fekk saa klent eit Møte;
Men Steinar dæ styggje Best,
Fe dette væl fekk bøte.
Tri Vikur heelt Presten Seng;
Men daa han go atte blei,
Han tok mæ seg Nils sin Dreng,
Aa upp han te Svartdal rei.

Daa Presten i Tune ri,
Sto Steinar ute stirde:
»Naa Steinar, du æ væl bli?«
Sa Presten fult aa flirde:

»Vi du naa halle Fre
»Aa eit bære Menneskje bli,
»Saa ska eg deg gjeva te
»Aa bea fe Sæli di«.

»Treng Presten noko i Sekk,
»Saa sparar han seg Preka:
»Du veit væl hot du fekk
»Her ne-i Aasebrekka?
»Vi du hava bære Bank
»Heve Steinar goe Raa!«
— »Aa hou!« sae Nils, »Skavank
»Saa kjem eg te gjera naa!«

»Hot vi naa du, ditt Myhakk!«
Skreik Steinar i aa kytte.
»Aa Steinar, ver naa spak!«
Sa Presten, fult han glytte.
Men Steinar paa Hælen sveiv,
Han frøste aa Tennar skar;
Te Nils han paa Kinne dreiv:
»Her skaa du væl finne Kar!«

Men Nils han honom heiv:
»Naa ska eg Skarven skaka!«
Mot Bakkjen han honom dreiv,
Saa Rygg aa Siur knaka.
»Naa be du venast du kann,
»Din Tjov aa ditt arge Best!
»Du helseslo mangein Mann,
»Aa vyrer 'kje Bok hell Prest!«

Aa Steinar han ba saa tunnt,
Som Musi i ei Felle.
— Aa væl va de honom unnt
Her ivi heile Gjelle —

Te Nils han sae saa:
»Naa fyrste Gaangji eg ba.
»Du Sterkenils heite skaa,
»Aa hu meg, fe Kar du va!«

Ole Nielsen Spurv va fødd i Skien 9de August 1685. 1736, den 17de Februar, blei han Prest i Selljor, aa døe her den 13de September 1753. Nils veit me blei Søllater 1752. »Herr Ole«, som han alstøtt blei kalla av Bøndanne her, va ein snill aa saktfærug Mann.

Eigaang hae han nere blive drepen av ein Kyrkjetjov, som sea blei retta um Naatti; dæ heve truleg vore dæ sama Illmenne, som va heime uppi Svartdal, aa som va kalla »Svartdalskjempa«. Han heve visst vore ille ute fe denne Karen, ettersom han tok mæ seg Nils, som jurde honom dugaleg upp. Daniel Michelsen Wulf, som va Præst her fraa 1671 te 1713, blei skamskoren i Armen av ein drukkjen Mann, Sveinung Framgaren. Presten maatte heile si Leveti bera Haandi i eit Band, aa ein av Mæhjølparenne maatte alstøtt hjølpe honom, naar han skulle deile ut Naattværen.

Sterkenils bli skriven te Kongjens Kar.

Som: Der var i fordums Tid en Mand iblandt de Farisæers Stand, som Nikodemus hed.

I Fredriksvern han Unggut sto
I sytten hundre femti tvo;
Daa va han tjuge Aar;
Aa der han galt
I eitt aa alt
Fe vera stempla Kar.

Va paa sin Post te rette Ti,
Heelt rein aa blank Munderingji,
Va allstøtt tru aa grei.
Av høg aa laag,
Som honom saag,
Han vyrskleg helsa blei.

Som Skuggjen fygjer, hor ein fer,
Ein Navn aa Rykte mæ seg ber,
Dæ hev ein etter seg.
Nils, du va sæl,
Fe allstøt væl,
Saa talar dei um deg!

I Fredriksvern Varp han gjer,
Aa tvo av dei skaa nevnas her,
Som inkje gløymde blei:
Tri Tunnur Salt,
Ti Daler galt
Paa Loft aa bera dei.

Aa upp han hae kome flust,
Men Troppi under 'n blei knust;
Han vann Tidaleren,
Aa alle kom
Aa kappas um
Aa faa 'n te sin Ven.

Ein store Stein dei lyfte paa:
Seks Mann kan inkje honom faa
Te nye Festningsmur.
Nils ba dei daa
Aa gange fraa,
Aa Folk ikring 'n krur.

Aa Nils han tok i Steinen Tak
Aa lyfte honom, saa han sakk
I Jor te Oklo ne,
Daa dæ va gjort
Baat' væl aa fort,
Sa' Kommandanten dæ:

»Slikt Tak her aller meir bli gjort!
»Den Steinen skaa 'kje gjøymas bort,
»Men naa den stende best
»Mæ Porten der
»Te Minne her,
»At Nils hev' honom rest«.

Steinen stend der ennaa innmæ Porten.

Nils æ gift Mann.

Som: Blandt Fjøllstogas Nutor osv.

Der inn under Fjølle han sette sitt Bu
Aa Skogjen han hoggj' ivi Ende,
Dæ va fulla Guten sin dæ som kunn' ru;
Der brout han aa Brotar han brennde,
Saa Røykjen paa Nutanne laag som ein Hjell;
Dæ dura i Skogjen fraa sprakannes Ell,
Der Bjønnen førr heime seg kjennde.

Paa Oksli han brukje te Husi bar fram —
Dæ va saa i Markji dæ dona —
Dæ kann eg no seia at Sogo æ sann,
Da va endaa Veggjer som mona!

Saa flutte han dit baat' mæ Koppar aa Stell:
Der Fjølltoppen lyste i Morgo aa Kvell
Saa gott mæ si Anne han ona.

Dei elska gvorandre, aa Lykka va go;
Fe Kjærleikjen den æ naa Krona;
Aa Nils han va flinke, aa flinke va ho;
Saa kann du nokk tru at dæ mona.
Um Folkje va fatigt, aa Stogo va laag,
Slik Sæla aa Vyrna aa Hugna du saag:
D'æ Folkji som gjer du kann ona.

Aa Stogo aa Koppann va gvite som Bein,
Aa Lønalouv Himlingjen prydde,
Aa Soli saa bli gjønom Ruta ho skein,
Te Sæla derinne ho seg krydde!
Um Sundagann sat dei i reintvegne Lin,
Dæ va slik ein Hugna aa koma der inn;
Titt Luther fraa Høgsæte lydde.

Ei Kyr aa tri Geitar dei ha, dæ va alt, —
Men *Gullros* fekk feitaste Tugga.
Ho molka si Ryngje, saa Fraao ho valt;
Um Vaaren i Li-i ho lugga;
Aa sjov kom ho heimatt, gvor einaste Kvell;
Naar »Gulle« ho bar, kann du tru der va Stell;
Aa titt innpaa Tile ho rugga.

Han Veslegut va no i Kalven saa gla,
Fe »Veslekyr« veit du han aatte!
Naar Kalven skull' døy, aa han greet aa han ba!
Dæ va fyste Suti han møtte.
Men naar der kom Geitungar, Gama der blei:
Paa Bor aa paa Benkjer han dansa mæ dei,
Saa reine aa fine aa kaate!

Nils rudde upp »Langedal«, ein Husmannsplass, som ligg i »Trollebotten«, ein traang Dal, som høyrer te Selljor, aa som ligg bortafe Fjølle suvest ifraa Selljors Vatne.

Nils bli utkondera te Holstein.

Som: I Rosenlund under Sagas Hal.

Ein Dag te Langedal kom der Bo,
At Nils va utkondera.
Aa tenk deg bare ho Anne daa,
Naar Nils han mæ skulle vera:
Paa Tone stende ho att aa græt;
Aa ne-i Grase ho sender,
Daa Mannen upp etter Kleivi set:
»Naa seer eg Nils seinste Vende!«

Men som ho daa heve graate ut,
Ho be aa lettnar i Sinne.
Daa gjeng ho inn att te vesle Gut
Aa kysser honom paa Kinne.
»Aa Gud vælsigne deg, Søten min,
»Naa æ du eismall mæ Mamma;
»Me be te Gud fe Papa din,
»Aa at han heimat maa koma!«

Aa Nils fraa Kleivi han stirer blitt
Dit Stogo stend nepaa Vollen.
Men som han daa heve stae litt,
Han stigar fort ivi Kollen:
»Men skaa du sture, som æ ein Kar,
»Hoss bli dæ daa fe dei veike?
»Aa førr eg felle, dei skaa bli var,
»Eg kann mæ Uvenen leike!«

Sterkenils gjer store Varp ne-i Gardisonen.

Som: Stusle Sundagskvelden.

Sterkenils va snille mot sin Undemann,
Vyrde va han av dei store;
Avgu gott av Kongjen va han lika, han;
Tru han va, aa Varp han gjore.
»Denne sterke Normann« alle bisna paa,
Inkje lang, men som ein Smiustabb-te sjaa;
Agje av 'n sto:
Der som fram han tro,
Rom fe honom støtt dei gjore.

Kongjen kjem der Sterkenils han stend paa Vakt,
Trummunn gjeng, i Honn dei tutar:
»Sterkenils, guddag! kvi æ du saa forsakt?
»Lengtar du te dine Nutar?«
»Hill, min Majestet!« han svarer ende ut,
»*Veikenils*, eg fæler, eg bli her te Slut!
»Brøkan sleng kring Laar;
»Utt i Skjegg aa Haar
»Vekse Kongje, dine Gutar.

»Lite Mat me fær, aa Stumpen den æ raa;
»Sjave gjeng dei mett' aa gjødde;
»Kongjen sjav, han vi visst helle ha' dæ saa,
»At me væl skaa vera fødde.«
»Takk, min Nils, naa skaa her bli ein annen Sjou:
»Kongjens Karar dei skaa inkje lie Nou!«
Daa kom der i Slump
Baate Kjøt aa Stump:
Nils aa Kongjen va dei rædde.

Kongjen køyrans kom ein Dag mæ Hestar tvo,
Dæ av Vogn aa Selar straalar:
»Sterkenils!« skreik Kongjen, »eg veit du æ go,
»Kann du halle mine Folar?«
Nils i Nevann sputa, treiv i Vogni bak,
Saa imot ein Stolpe tok han Spennetak, —
Upp fe Heste-Bein
Spruta Sand aa Stein —
Helt dei, alt dei slær aa skraalar.

Kongjen klappa blileg Sterkenils paa Hær:
»Gjetore deg ut skaa bera!
»Eg min stoutė Normann vaagar, hor'n fer!
»Du mæ Hoffe mitt skaa vera.
»Offsernavn du fær, aa Baand aa Stjønnur ou,
»Sleppe slite Ti-i uti Traang aa Nou,
»Bare naa aa daa
»Ovtak eg fær sjaa,
»Som min Normann stor kann gjera.«

»Tusen Takk, min Kongje!« Nils han svara daa,
»Dæ va meir, hell eg kann vente.
»Men faa Anne mæ meg, dæ va ingjo Raa;
»Sjav saa tek eg ou te lengte!«
»Stakkars Nils,« sa Kongjen »dæ 'kje gott fe deg!
»Her ein Skjenk te Anne, — hels ho saa fraa meg!
»Men førr heim du fer,
»Kjem du innum her!
»Heimlov naa du snart kann vente«.

Unne sit heime aa tullar fe Baane.

Som: Den vanlege Baanetullen.

Kvellen feller Skuggar,
Mamma Baane huggar,
Røsen skaa 'kje koma inn
Mæ den fæle Ungjen sin,
Naar Mamma sit aa ruggar!

Sov min søte Sulle,
Gjævare hell Gulle!
Bli lik snille Papa din,
Han æ fulla Guten sin:
Han laag ou i Tulle!

Mamma feller Taarir:
Ivi salte Baarur
Papa foor te anna Land,
Heim han inkje koma kann,
Førr Guten kjem mæ Aarir.

Sterkenils slæs mæ ein sterk Engelsmann.

Som: Sterkodder satte sig ned under Bakke.

Seilans fraa Engeland kom der ei Skute:
Kokkjen umbord va eit Ovting te Mann;
Dæ va naa Gut som kunn' kyte aa rute:
Hore han foor, han 'kje Likjen sin fann.
Grim saag han ut, han va sinna aa spræk,
Ivi tri Alne, aa dugaleg trek.

Sterkenils høyrde han gjete paa Staen;
Bo etter honom han sende avsta:
Han kunne slett inkje tola den Skaen,
Naar dei fortaalde, han sterkere va.
Nils va den Guten, som slett inkje skalv:
»Beini paa Engelsmann stend som paa Kalv!«

Kjempunne møttes, aa Ringjen blei slegen;
Fælt skreik daa Mugjen, at fram dei skull' traa.
Daa blei gvor Guten væl mælde aa vegjen
Mæ alle Ougur fraa Topp aa te Taa.
Sterkenils beit av sitt Tobbak ei Skraa,
Sto som ein Stakje mæ Tornøsten paa.

Engelsmann, han hae smurt seg mæ Saape, —
Daa kann du vita hot Tak va aa faa, —
Saa maa du tru, at han tok te aa haape,
Liksom ein Bøkaar saa rende han paa:
Sette mot Bringa paa Nils, saa han skvatt;
Or Nevanne honoms som Fiskjen han smatt.

Haapa tebakars aa hopes seg bende,
Laga paa nyom seg te mæ eit Renn;
Men daa han Skallen mot Sterkenils rende,
Sterkenils Lokanne slo ikring den:
Daa maa du tru, han fekk Haare sit kjemtt,
Liksom ein Rev han i Soksi sto klemt.

Hevde han honom i Lufte i Sinne,
Saa han i Uvite datt ne mot Jor!
Daa maatte atte Utlendingjen finne,
At her æ spelege Karar i Nor.
Kongjen han sae, daa dæ han fekk sjaa:
»Alle fe Sterkenils vara seg maa!«

Anne lengtar aa klagar.

Som: Høyr naa Sigri Dotter mi.

Eismall maa eg sita her,
Venen min saa tru aa kjær
Gvor ei Stund eg saknar.
Kvellen tungsam æ aa lang;
Vondt eg drøymer mangei Gaang,
Saa eg skjelv aa vaknar!

Somtir syns eg han æ dou:
Somtir æ han i stor Nou,
Der som Krigjen rutar.
Dagjen seint som Viko skri,
Naatti just æ liksom tri,
Tit eg ivi tutar!

Venta hev eg mange Aar,
Aa naa heittes dæ i Vaar,
At han heim vill' koma.
Daa fekk eg saa go ei Trøst;
Men naa æ dæ langt paa Houst,
Vent' eg maa dæ sama!

Kanskje ligg han djupt i Jor!
Olav hjølp di arme Mor,
Te gvor Dag ho veiknar!
Slite hev' ho, saa ho sleng,
Dæ meg heilt te Kvikjen gjeng,
Gvor ein Dag eg reiknar!

Sterkenils kjem heim atte.

Som: Der var en Tid, da jeg var meget lille.

Mæ Rokkjen Anne sit mæ Tyriellen,
Men Olav ligge søve paa sitt Kinn.
Paa Ruta Regne slær i svarte Kvellen;
Ho høirer Karmanns Fet: dæ stige inn.

»D'æ Nils« skreik Anne aa fraa Rokken sende,
»Aa guskjelov, saa kjem du heim att daa!«
Aa vesle Olav upp or Sengji rende;
Men han blei rædd, daa han fekk Fanten sjaa;

Fe Nils han i si Uniform æ klædde
Mæ blanke Knappar aa ein høge Hatt:
»Aa stakkars deg, min Gut, saa æ du rædde!
»Aa nei, du kjenner nokk 'kje Papa att!«

Daa blei der Gama, dæ kann alle vita,
Aa alt dæ va naa baate gott aa væl:
Daa va han fri aa kunne heime sita,
Aa manngein Dag han va mæ Anne sæl!

Aa Kjenningar dei daa te honom reste,
Dei nye Tien lout av Nils faa visst.
Aa mykjy han fortaalde paa dæ beste
Um Varp aa anna, men som naa æ misst.

Da han kom atte fraa Danemark aa kom uppaa Kilaasanne, bøygde han ne ei liti Furu aa hoggje Toppen av ho. Den Furo voks upp te eit stort Tre. Ho stende der endaa den Dag i Dag, mæ avhogjen Topp.

Sterkenils høgge Brut.

Som: Det lyser over Norden fra Freias blanke Rok.

Mæ Øksi ivi Nakkje te Skogjen Nils han stryk,
Han Tre-i legg i Bakkjen, saa dæ av honom ryk.
Førr Sol bak Fjøll æ skri-i, tri Tyltir legg han ne, —
Du veit at førr i Ti-i, dei hoggje store Tre.

Han Øksi sjella gvesste; saa hart han høgge te,
At va ho av dæ beste, ho sokk te Skafte ne.
Uheppe Nils saa ofte av gvasse Øks ha havt:
Han rokk 'kje meir hell skjefte aa gjera nye Skaft.

Aa va dæ saa, dæ trefte han Tre-e la' i Hest,
Dæ honom inkje hefte, endaa dæ hart sto fest:
Saa drog han dæ fraa Stuven, saa dæ paa Markji laag;
Framfyre sto dæ Skuven: dæ va som Troll du saag.

Eigaang han Binna møtte, han foor fraa Skogjen ne;
Han Øksi atte sette der mæ dæ seinste Tre;
Mæ bare Haand han møtt'o, dei tok eit Ryggjetak,
Men daa dæ lei i Oto, blei Bamsemoer spak!

Han Kniven drog av Bakje, i Binnekjeft den rok;
Aa der den som ein Stakje mot hennars Kjeftar tok.
Mæ gvasse Klo ho fluste, ho slo, ho brout aa gvein;
Men mæ ein Stein han knuste dei hare Bjønnebein.

I Furo der dæ hende, der hoggje han seg ut.
Den Dag i Dag han stende der i ein Tyriknut!
Han gott seg heve skore, dæ hev eg spurt av Far:
Han heve grovlagt vore, men endaa vene Kar.

Nils hoggje seg verkeleg ut i ei Furo, som ennaa stend i Brokefjøll paa vestre Kanten av Trollebotten. Furo stende naa turka. Paa Laavedynni paa Garen Dale heve han skore ut Haandi si inni flate Dynni: du heve aller skult seet slik Lokje! Mitt inn-i Haandi heve han skore inn Navne sitt:

Min Haand er god.
Nils Ols Søn.

Sterkenils liver gott.

Tone: Du Olemann i Høydal, no kann du vera bli.

»Dæ æ saa onalege heim i sitt egje Ton,
D'æ gott aa vera heime mæ Kjering aa mæ Bon.
Naar dei ikring ein leikar, daa kann ein vera gla,
Naar ein maa hava Helsa, aa Kyri trivas bra!

Aa her innunder Fjølle her liver eg saa gott,
Eg ville inkje byte i noko Kongeslott:
Her heve Fjøll aa Himel aa Fjor sitt rette Lag,
Aa Lykka heve fygt kaann alt innte denne Dag!

Fysst Langedal eg rudde, saa Gullbek hera su,
Ei Kyr me fystuns fødde, naa før me fire, du!
Aa Anne æ slik Kjering, eg vaagar hennar fritt,
Te spinne aa te veva aa stelle Huse sitt.

Eg seie dæ mæ Anne: »Du arbeir reint for hart,
Fe hell du paa mæ detta, du ut bli sliti snart!
Naa he me kome unda, du treng 'kje slite saa:
Me æ saa vitt te Folk, du kann deg ei Jente faa!

Naa kann du sita inne aa spinne Horr aa Hamp,
Eg vi 'kje have Kjerringji mi te Arbeisgamp.
Eg veit at mangein Mann æ mæ Kjeringji slik Slarv,
Eg trur han gjønne sprett'o fe Mykjalass aa Harv!«

Blakkjen.

Her legg eg deg, Blakkjen, i Jori ne:
Dæ æ saa tungt aa gjera;
Men paa din Gravhoug eg set eit Tre,
Som Louv ivi deg skaa bera:
Eit kjærlegt Minne dæ vera skaa
Um meg aa Blakkjen, fraa me va smaa.

Her leg eg deg, trugne Venen min;
Takk for gvor Dag daa, Blakkjen!
Du som mæ vesle Guten din
Sov under Fell paa Bakkjen!
Du, som hae saa gott eit Vet,
Du, som mæ meg i Stallen greet.

Gløymer dei kaann, saa veit eg ein,
Som vi paa dette bøte:
Han kann nokk finne kaanses Bein;
Blakkjen eg gla skaa møte!
Saa ynskjer eg alle, som Hest skaa faa,
Som eg aa Blakkjen dei liva maa!

Daa Nils va saa umkring ti Aar, fekk Far honoms ein liten blakk Fole av Svein Groven. Han va moerlaus aa bare aatte Dagar, denne vesle Folen. Mor honoms hae snaava i Hella uppaa Stoulen aa stungje ein Stour igjønom Magjen sin. Blakkjen blei uppala mæ Mjølkji av Blaageit. I Solskine kunne Nils aa vesle Folen liggje aa sova utpaa Bakkjen ihop under Skinnfellen. Folen kunne daa liggje paa Armen av Nils lange Slotunne, aa Nils kjæla'n, som dæ va ein liten Broer han hae mæ seg. Aa naar saa Nils lokka paa Blaageit aa sae: »Blaageit, Blaageit, naa maa du koma heim, vesle Folen æ tysst!« saa svara Blaageit uppi Bergji aa kom springannes heim, aa Nils molka daa Blaageit aa gav Folen

Drikke. Dæ blei ein gill Hest av Blakkjen, aa Olav, Far av Nils, hae'n saa lengje han livde. Han tente mange Pæning mæ Blakkjen, aa Blakkjen va alstøtt fin aa feit, endaa Olav maatte koupe dæ meste Fore i'n. Daa Nils va kringum atten Aar, døe Mor honoms, Aaste. I Likfæri gjekk Nils ne i Stallen te Blakkjen, klappa'n aa sto aa greet, aa Blakkjen sto aa strouk Hovue sitt innat honom, aa Nils kunne væl sjaa, at der trilla Taarir oto Ougo paa Blakkjen; han totte væl vondt, at Nils greet, aa han sakna fulla Aaste ou: ho hae kome me mangein Broumole aa Groutebite te Blakkjen, ho. Daa Far av Nils døe, fekk Nils Blakkjen; daa va Blakkjen fem aa tjuge Aar gamall. Nils hae endaa kome att fraa Holstein daa, aa va saa umkring fem aa trædeve Aar: han maatte daa vera umkring sju aa tjuge, daa han blei utkondera. Nils hae Blakkjen, te han va ivi trædeve Aar, aa dreiv fram mangein Timmerstok fe Aall'en mæ'n. Dæ va endaa ein go Hest, men han blei helle noko sjur av seg paa dæ seinste. Ein Hest kann bli gamall, den, aa vera endaa go, naar'n æ saa væl mæstelt, som Blakkjen blei. Anne kunne inkje vera heime den Dagjen, Blakkjen skulle døy. Dæ va endaa Sundre Dale, som skout Blakkjen: dæ va inkje vente, at Nils kunne gjera dæ sjav. Blakkjen blei graven ne i Hougjen neafe Bure. Paa Grefti sette Nils eit Tre. Ein kann inkje seia, at Nils kom te Manns av aa hava Hest; d'æ saa rart mæ dæ: dæ synes sjella løne seg fe Husmennar aa hava Hest, um dei synes tene nokksaa gott mæ'n. Nils sto seg bære, daa han sat mæ bare Ky.

Sterkenils seer Strymt.

Fraa Svartetjønn dei titt blei jaga,
Dei høyrde mangein stygge Laat;
Paa mange Vis dæ der seg laga,
Mæ Sus i Lufti, Enk aa Graat.

I Tjønni der ifraa ei Skorte
Ei Deild blei eigaang kasta ne.
Naa skaa dæ heiltupp vera borte,
Aa »Sæli hev væl fengje Fre«.

Ei Gaang som Nils han la' av Gare, —
Han ville etter Fugel sjaa, —
Ein Mann i Tjønni blei han vare:
Ein store Stein han lyfte paa.

Gvorgaang han mest ha upp'n fengje,
I Tjønni Steinen ne-att skvatt:
Saa sto han lyfte tungt aa lengje,
Aa øya fælt, naar Steinen datt.

Sterkenils brenner Tjøru.

Sjaa Røyk i tykke Krullar, som upp or Skogjen fer.
D'æ Nils, som brenner Tjøru, aa Bek han kokar der.
D'æ Gut te brenne Tjøru, der onar han saa gott:
Gvor Vaar ei Viku ligg han i Skogjen Dag aa Naatt.

Eigaang der dette hende, mæ han mæ Brenna laag:
Der uppi Tyrirøykjen ein graaklædd Kar han saag;
Mæ Hytta sto ein Stuve, den sette han seg paa;
Han va som frammi Oska i Anlite saa graa.

Han seie: »Nils, her etter vi Lykka vende seg,
»Førr Aare dæ æ ute, vi Anne døy fe deg;
»Men akte deg fe Øli, ho kjeme deg te traa:
»Du hennar atte teke, dæ raar eg deg ifraa!

»I Gaasebrekka høgge dei snart dæ store Tre:
»Um Hjølp dei vi deg bea, naar dæ skaa hoggas ne.
»Men kom naa bar' ihug at du reiser inkje dit,
»Der vi du misse Helsa aa faa saa vondt eit Slit!

»Aa ein av dine Vener deg kjem te leggje Lik:
»Paa Førklæsia maa du naa vente Hevn aa Svik.
»Dei, som mot deg æ bliast aa søtast i sin Munn,
»Tru dei 'kje mei hell Maaten, dei falske æ i Grunn!«

Sterkenils reiser te Byen.

Eigaang han seg ne te Byen reste,
Han lout hjaa Koupmannen Magti freste:
»Naa, Nils, eg steller te deg ei Byr,
»Dei seie dæ, du æ Troll te Fyr!

»Tri Tunnur Rug hev eg lagt i hera,
»Dei vi eg sjaa um du naa kann bera
»Tri Hundre Stig ifraa Bui mi, —
»Eg vaagar Byri, — daa æ ho di!«

Men Nils han reste seg upp mæ Byri, —
Fe han va vande mæ bera Tyri, —
Ein halve Gris kasta dei uppaa,
»Du Suvel lyt atat Grone faa«.

Men Nils ei Jønnstaang i Haandi fata;
Saa tro han ut, saa dæ skalv i Gata;
Han bruka Jønnstongji si te Stav:
Dæ va 'kje fritt at ho Buktir gav.

Daa han paa Svartebekkbru lout fara,
Ho va for veik te slikt Troll aa bera:
Der brast ein Stokk under honoms Fot,
Men Staangji hjølpte, ho tok imot.

Daa maa ein seia, dæ gott ha' gjengje,
Um han ha' lite fe Bekje fengje, —
Daa fekk han Suvel, daa fekk han Gron:
Dæ va naa noko te Matamon.

Aa fort aa fegjen han heimatt reste,
Aa denne Byreisa va den beste:
Daa kom dæ væl mæ, han tente bra,
Fe traange tier dæ dengaang va.

Sterkenils møter Lonarann.

Som: Sterkodder satte sig ned under Bakke.

Tarbjønn aa Ambros dei va ifraa Lonar,
Sogo fortel dei va Troll utav Ætt.
Vonde aa sterke dei æ, saa dæ monar.
Drukne fraa Kongsberg paa Heii dei set,
Bannar aa yler, dei Ulvanne lik;
Hokke dei møter, »av Vegjen« dei skrik.

Møter dei Guten, som slet inkje skvette,
Mitt etter Vegjen han gjeng like ratt;
Oksli mot Hesten i Flogje han sette,
Saa imot Sleen paa Foi den skvatt,
Snart liksom Graabeinann paa 'n dei sit,
Som dei vill' eta 'n upp i eit Bit!

»Naa mine Gutar, de Tak skaa faa taka,
»Saa de kann fastannes vera te Slut;
»Naa skaa eg sjaa um eg kann dikkaan skaka,
»Saa me fær Loppunn paa Snjotrokkje ut.
»Klaastubben skaa eg av Kjeltringann tvaa.
»Eg hev høyrt gjete dei Karann førr naa!«

Ein i gvor Haand han ihopes dei smellte,
Jurde dei upp, saa dei orka 'kje mei.
Tok han saa Hesten aa Sleen aa velte,
Saa dei i Aavelta liggjannes blei:
»Naa«, sae Nils, »hev de Sterkenils møtt.
»Fare naa heimatt mæ uppbanka Kjøt!«

Her kunne vera mange Varp, som Nils heve gjort, aa kvea um ennaa, men eg tenkjer naa at de heve seet saa mykjy, at han inkje heitte Sterkenils fe ingjenting. Eg vi berre nevne, at han eigaang kom te Finneie i Drangedal: der hae vore ein stor Floum, saa at Kvennhuse aa Kvenni hae reist av i Aai. Kvenni hae hoggje seg fast i ei Bergklovu i Aai: der sto seks Mann mæ Vægar aa Jønnstourar, men dei kunne inkje faa Kvenni upp atte. Nils ba dei daa ganga ifraa, aa saa gjekk han ne i Aai aa kom berannes upp atte mæ Kvenni i Fangje.

Anne døyr.

Som: Ung Asloug gjekk i Bjørkeskog.

Paa Sengji Anne lagt æ ne,
Snart gjev ho upp si Aand:
Paa Skori stende Nils paa Kne
Aa helle ho i Haand.
»Aa Nils, eg døyr ifraa deg no!«
Ho sei' i tunge Drag,
»Du alstøtt va saa snill aa go,
»Hav Takk fe gvor ein Dag!«

Aa Nils han klappar ho paa Kinn,
»Aa Gud velsigne deg!«
Fe Graaten snoutt han tala vinn,
»Du støtt va go mot meg!«

»I Jesu Navn«, ho gviskrar ut
Aa Fadervaare be;
Ho dreg den seinste tunge Pust,
Aa bøygjer Skallen ne.

»Nei Herregud, æ dette Raa,
»At Anne fraa meg fer?
»Skaa eg 'kje meir faa hennar sjaa,
»Men sita eismall her!
»Mi kjære Anne, ligg du der,
»Paa Straa mæ falma Kinn!
»Dæ æ fe meg saa tung ei Fær,
»Etter ditt svarte Skrin!

»Aa hor eg snur meg ut hell inn,
»Fe Ouga æ dæ skomt,
»Eg ingjen Staen Anne finn,
»Her æ saa outt aa tomt!
»Daa ho dei seinste Dragji gjer, —
»Dæ æ ein Sundagskvell, —
»Den einste Letta, som eg fær,
»Dæ æ naar Graaten fell.

»Min trugne Ven, min Ungdoms Blom,
»I Jori ne bli læst!
»Ja naa æ heile Væri tom,
»Fe Anne du va best!
»Som turka Tre eg stende att;
»Saa saart dæ minner meg;
»Eg gjeng som mot ein Bakkje bratt,
»Aa tenkjer støtt paa deg!

»Du gjore alt saa ljost kring meg;
»Di Haand ho va saa drug,
»Fe alting rokk so gott fe deg:
»Dæ kjem eg væl ihug!
»Du va i Lynde varm aa go,
»Allstøtt det sama, du;
»Men borte, borte, æ du no,
»Dæ snoutt, eg kann dæ tru!«

Sterkenils gifter seg atte.

Sama Tone.

Dei seie, d'æ som Aalbogslag
Mæ Sut av Ekkjemann;
Mæ Nils dæ va eit anna Lag,
Han sytte lengje han.
Men Ti-i lækjer alle Saar,
Aa eismall æ 'kje greitt.
Aa daa dæ lei av nokle Aar,
Mæ Øli blei han eitt.

Men Øli blei 'kje honom go,
Saa Spaadomen blei sann.
Men Øli lengje traadde'n, ho,
Aa saa te seinst ho vann.
Men Nils han ofte sukka daa:
»Dæ va 'kje Anne, dæ!
»Dæ æ nokk anna Slagje naa,
»Nei daa va Lykka mæ!

»Min Lagna Tussen sae meg,
»Den slepp eg inkje fraa!
»Men endaa inkje trudde eg,
»Eg skulle Øli faa!
»Aa Øli va naa av dæ Slag,
»Som veit aa stelle seg; —
»For trugjen va eg all min Dag; —
»Ein Drykk ho rette meg.

»Aa Prestens Or eg sanne maa,
»Daa Lysing eg skull' faa;
»Aa taka Øli Napasto
»Han raadde meg ifraa:
»»Naa, Nils, dæ gjeng deg altfor visst,
»Som dæ mæ Samson gjekk, —
»Fe Dalilas den Kvendelist
»Sitt Banesaar han fekk!««

Ein Hogstall hev naa slik ei Ri,
Førr han fær gifte seg;
Han ne-fe-tvert lyt gifte bli,
Um han paa Douen dreg:
Fe-utta Sibein Mannen gjeng,
Naar Kvinna æ 'kje mæ;
Naar han seg legg hell ris av Seng,
Han leitar etter dæ.

Aa gamall Mann seg yngjer upp,
Naar han vi gifte seg:
Han kastar Stav aa hovustupp,
Han gjeng sin Friarveg.
Han slengjer Arm og retter Rygg
Aa gjer seg ung og bli:
Fe d'æ saa ille vera stygg,
Naar du vi av aa fri.

Sterkenils misser Helsa si.

Som: Kjennde du noko te Bufærsvein o. s. f.

I Gaasebrekka eit Tre der laag — aa ja, eit Tre der laag,
Dæ va naa den fælaste Mast du saag:
Tolv Mann dei te Hest skulde hennar faa — skulle hennar faa,
Men lyfte, fe dei dæ va ingjo Raa.

Daa mælte der noka av desse Mann — aa ja, av desse Mann:
»Han Sterkenils lyfter ho eismall han.«
Men andre dei sae, »han bli for lett — han bli for lett.«
Um dette saa blei der eit Vaagan sett.

Vaagane herum dæ lua saa — aa ja, dæ lua saa:
»Mæ honom me lyfter ho uppifraa;
»Saa slepper me alle mæ eigaang Tak — mæ eigaang Tak,
»Saa seer me um han hell ho paa sin Spak.«

Dei lura naa bare paa ville vondt — aa ja, paa ville vondt,
Fe Storleik aa Styrkje bli titt misunt.
Dæ Kjeltringar va han ha kasta ut — ha kasta ut
I Dugning paa Øvland, den Kulte Gut.

Dei ba um dei Hjølp kunn' av honom faa — aa ja, av honom faa:
Han sto hoggje Bruk inkje langt der ifraa.
Aa Nils han va trugjen aa go aa be — aa go aa be,
Han svara dei: »Jou, d'æ væl Raa te dæ!«

Saa hoggje'n ein Lund baate stor aa trek, — aa ja,
baate stor aa trek,
Dei stelde'n paa Mitten aa Tak dei tek.
Men alle saa slepte dei daa mæ eitt — dei daa mæ eitt,
So Masti paa Lunden av Nils ha skvett.

Daa galt det um Live aa halle paa — aa ja, aa halle paa!
Han skreik. »Nei kvi gjore de detta daa!«
Saa blei han i Anlite gvit som Krit — saa gvit som Krit,
Daa hae han fengje saa vondt eit Slit.

Saa blei han saa sinna at han blei rou — aa ja, at
han blei rou,
Han dreiv dei paa Skogjen som Skrubben Sou.
Aa gott va dæ at dei tok Foten fatt — tok Foten fatt,
Paa Flekkjen dei helles ha' leggje att!

Graat hae dei aller paa honom seet, — aa nei, paa
honom seet,
Men daa han krok heim, som eit Baan han gret:
»Naa hev eg misst Magti og Helsa mi — aa Helsa mi,
»Men Live dæ endaa maa hange i!«

Aa sea saa va han ein vesal Krakk, — aa ja, ein
vesal Krakk,
Paa Staven han krok, der han gjekk i Stakk.
Dæ tungt maatte vera fe slik ein Kar, — fe slik ein Kar,
Aa bea seg fram ifraa Gar te Gar!

Men Gjetor av honom sto langt ifraa, — aa ja, sto
langt ifraa,
Dæ endaa va Moro slik Kar aa sjaa.
Han mangt kunn' fortelja, som vitt ha rest, — som
vitt ha' rest.
Saa kva han, aa tekjen han va som Gjest.

Sume seie, at dæ va i Gaasebrekka at Nils blei skamfæra av ei stor Mast, andre seie dæ va i Kivledalen. Eg heve tala mæ gamle Folk, som saag Nils daa han gjekk i Stakk; Bestemor kunne minnes 'n, aa gamle Gunnleik Nes — han æ naa tvo aa firs — han minnes at, daa han va ein liten Gut, daa sat Sterkenils i den store Kubbestolen frammæ Gruva der heime paa Nes. Han synes ennaa sjaa dei store Lokanne, som han lae frampaa Knei sine, seie han.

Mæ Nils gjekk ikring, kom han eigaang inn einsta uti Bøhera, der noka Kjempur sat innmæ Bore aa drakk. Nils sette seg frammi Stolen innmæ Gruva. I Spissen hekk der paa ei tri Kvartels Gryte, som sou full av Lut. Kjeringji ba daa dei Karanna, som sat bort mæ Bore, um dei ville lyfte Gryta av fe ho. Daa rette Nils fram den eine Fingjen sin, under Holla paa Gryta; so sveivde han seg bare i Stolen, aa saa sette han Gryta paa Golve fe Kjeringji; men daa va dæ inkje lengje førr han skulle bortat Bore, han ou.

Sterkenils og Hans Nilsson Houge raakas.

Som: Eg gjætte Tulla i femten Aar.

Paa Stoureim Sterkenils stige inn
Aa sete seg frammæ Gruva.
I Kroi steller han Staven sin,
Av Skallen stryke han Luva.
Ein gamall Mann,
Han turve kann
Aa verme seg imot Ellen:
Her dimms aa kolnar mot Kvellen.

Aa Nils blei stelde, som jamleg, væl:
I honom alle va glae.
Um sine Karstak han naa fortel,
Aa dæ som hendt honom hae.

Mæ Bore sit der ein fremmin Mann,
Han hev sin Bibel i Haandi.
Paa Nils mæ Hugna saa lyer han,
Hass Andlit skine av Aandi.

Daa ris han upp aa han gjenge stillt,
Mæ Tyri lyser i Stogo:
Paa Nils han Hændanne legge millt,
Daa Nils hev enda si Sogo.

»Gjev Herren Æra, fe du va stor!«
Guss Or dæ fraa honom fløymde.
Der Ljos av Anlite honoms foor,
Aa Sæla fraa honom strøymde.

Aa Nils dæ tok uti Hjarterot,
Aa Taarinn trilla paa Kinne:
Han lova gjera fe Syndi Bot;
Dæ vermde ute aa inne!
Ein gamall Mann,
Han turve kann
Aa verme seg imot Ellen:
Her dimms aa kolnar mot Kvellen.

Inn mæ Bekkjen.

Som: Syng kun i din Ungdoms Vaar.

Væri va fe meg ei Gaang
Bare vesle Flekkjen,
Der som liten Gut eg sprang
Mæ den lisle Bekkjen.
Me saa fæle Bussar va:
Naa æ han 'kje fullt saa gla,
Meir han saang aa hoppa.

Ende ne-i Stilla der
Bruk og Skip eg fløtte.
Der dæ ne i Stuppe ber,
Kvennar upp eg sette.
Paa deg stird' eg mangei Gaang,
Mæ du skvaldra, lo aa saang;
Perlur upp du toppa.

Som ein Broer eg mæ deg
Rødde, der du blenkte;
At me gjekk den sama Veg,
Eg daa inkje tenkte.
Nei, dæ va ei Moro daa,
Som skull' ingjen Ende faa:
Men fraa meg du reiste.

Eg gjekk ou som du min Veg,
Sleit meg fram mæ Broni:
Titt ei Brout der møtte meg,
Tok ifraa meg Voni.
Alt so kom eg lenger ne,
Aa naa ser eg fysste dæ,
Du mot Have stundar.

Sterkenils drøymer vondt.

Som: Bufærsvein.

»Eg laag i ein Droum her ei Minnaattsti,
D'æ fulla eit Varsel mot Feigdi mi:
Eg saag ein Ell, han va stor aa stri;
Eg spør væl eit Slagsmaal her kjem te bli.

Saa kom der upp te meg ein liten Bjor;
Han glodde saa fælt, aa han blei saa stor:
Han Hovue jamhøgt med Tre-i bar,
Saa kom han aa spurde, um eg va Kar.

Saa sto han aa peika imot ei Dynn,
Eg vrei meg som Makkjen, men lout der inn.
Daa vakna eg upp oto Droumen min
Aa skalv som eit Bla utpaa Kvisten sin.«

Sterkenils bli ihelslegjen.

Gamle Stevtonen.

Kvinna æ, naar ho æ go,
Bet hell Gulli bjarte.
Æ ho vond, daa æ ho
Verre hell den Svarte.

Øli ho va sløg aa lei,
Titt te Stri ho egga.
Gonill Napasto va ou ei,
Som va rette Megga.

Sladdra gjorde ho aa loug
Aa mæ Mann sin kivas;
Fyrkjunn titt ihopes floug
Te aa slaas aa rivas.

Hølje gjekk mæ gamalt Gnag,
Gonill bles i Elta:
Ellen ouka te gvor Dag,
Nils i Ellen velta.

Av ein liten Gneiste kann
Himelslogjen brenne:
Vreien øser titt sin Mann,
Saa Broers Blo maa renne.

Eigaang deires Gutar smaa
Kom ihop aa trætte:
Høljes-Sonen Nils-Son'n daa
Utfe Uffsi skvette.

Nils va gla i sine Bon,
Guten greet aa sturde:
Nils han treiv daa Høljes Son
Aa upp mæ Bjørkji jurde.

Heim kom Guten, klaga seg,
Sogo heiltupp vrengde:
»Vesle-Nils han skvette meg,
»Aa Stérkenils meg dengde.«

Kjeringann ihopas daa!
Haare dæ seg reste:
Gonill heiltupp tapa naa,
Blei i Myri klesste!

Nils ein Dag i Smio sto,
Inkje Ore visste,
Førr dæ inn i Veggjen slo,
Saa heile Smio riste.

Hølje og Eivin ute va,
Lippunn skalv i Gjengje:
»Nils, naa skaa du Løni ha,
»Du hev bia lengje!«

»Undras paa, du slo *min* Son!
»*Din* dæ kunne trengje!
»*Æ* du Kjempa ivi *Bon*,
»Kann *smaa Gutar* dengje?

»Kjering hev du, som æ fin!
»Gonill æ skamfari:
»Her æ eg aa Sonen min,
»Dæ skaa du bli vari!«

Nils han ut or Smio steig
Aa mæ flate Neven
Slo te Hølje, saa han seig:
»Hot æ her fe Leven?«

Hølje i Svime paa Bakkjen laag:
Nils han trega mæ sama,
Rette 'n Haandi aa paa 'n saag,
Ba honom uppatte koma.

Som han daa seg lutte ne
Aa te Hølje mulla,
Eivin mæ Stouren sin la te,
Saa Gamle-Mannen rulla.

»Minnas skaa du fraa i Dag,
»Heve Fa min sovna!
Helt paa gav 'n Drag i Drag,
Te at Nils han dovna.

Som han ligg paa Bakkjen der,
Bloe av 'n flyte,
Gonill runt ikring 'n fer:
»Nils, naa kann du kyte!

»Aller fann du Likjen din!
»Tru han naa æ funne?
»Gud aa Eivin, Sonen min,
»Ivi deg hev vunne!«

Nils mæ eine Haandi si
Hennar fraa seg skvette
»Naa kann du væl vera bli,
»Naa æ de væl mætte?!«

Sterkenils døyr.

Som: En Rose har jeg seet udi en Blomsterhave.

Paa Sengji Nils æ lagt; som halvdou Fugl han blundar;
Han kjenner Douens Magt: dæ hart mot Enden stundar.
Den kalle Doggji tyt av Panna myrk aa stor;
Han rør i Ørsko villt aa tomt ikring seg glor.

Der bort i Skogjen flout ei Olle, Nils ha' funne;
Fraa den dei hente lout te honom mangei Konne:
Ho va saa svaal aa go; han drakk i tunge Drag.
Aa »Sterknils-Olla« ho hev heitt ifraa den Dag.

Han plukkar kringum seg aa ligg mæ Douens Faktir.
»Aa Herren hjølpe meg ifraa dei vonde Magtir!
»Dæ kom paa meg saa braatt. Gud hjølp min Uven væl!
»Dæ svartnar som ei Naatt. Krist frels mi arme Sæl!

»Aa Eivin, Eivin daa! saa braatt du Hugjen snudde!
»Ein Ven meg svike saa, dæ minst av alt eg trudde!
»Ein Orm i Bringa di du bere herifraa;
»Han sting deg all di Ti, aa stakkars Eivin daa!«

Den trea Dagjen, litt førr Soli ne va gjengji,
Daa hae ut han stritt, daa laag han stiv i Sengji.
Um ein æ sterk aa stor, han endaa æ som Høy:
Titt fe ein liten Bjor ein Kjempekar 'lout døy.

Eivin fekk Slaveri paa Leveti-i; men saa hae han saa mange rike Skyllingar, som helt paa aa skreiv inn te Kongjen aa tagg aa ba fe honom. Naa va dæ saa i den Ti-i, at naar Dronningji kom i Baaneseng, saa hae ho Rett te aa gjeva fri ein Slave. Dronningji kom i Baaneseng, aa Eivin va frigjeven.

Hovustaali av Nils bli uppatte tasta.

Gamle Stevtonen.

Mange Aar ha' lie av,
Flutt hae mangein Prest.
Gløymde va Sterkenilses Grav
Helle va inkje rest.

Oust fe Kyrkja ei Greft de grov:
Saa store ein Mannehous
Upp or Jori paa Spaen dei hov,
Saa Molli ikring gous.

Housen han va baate tykk aa stor;
Paa Muren han lengje laag.
Gvor aa ein som framm-um foor,
Han lengje paa Housen saag.

Gamle Osmunn te Kyrkja kom,
Luter han paa sin Stav;
Han kunne gott fortelja um
Hokke den Hous va av.

»Der«, sa han, peka mæ Staven sin —
Graatt hae'n Skjegg aa Haar —
»Der la me Nils i Grefti inn;
»Eg minns dæ, som va dæ igjaar.

»Javisst Housen av Nils dæ æ:
»*Der* æ han sunde saga!
»Doktar aa Lensmann dei ou va mæ —;
»Aa Skrivaren han skreiv Klaga.

»Ingjen annan den eige kann,
»Dæ seer ein paa alle Lag;
»Slik Kar skull' du aller sjaa som han:
»Han kjem 'kje etter denne Dag.«

»Sterkenils« er diktad i Selljors-Maalet, slikt som dei tala det i Flatbygdi ikring Hovud-Kyrkja. I sume Ting heve daa Diktaren brøytt paa det nokot litet, der som Former av Granne-Maalføri tottest vera fellelegare elder vænare. Soleis, naar han segjer »Dagann« og »Geitann« og jamvæl »Daganne«, — som er Kvitseid-Maal, — og inkje »Dagænn«, »Geitænn«, etter som Talemaaten er i heile Selljor og Flatdal *no;* elder, naar han segjer: »*bloutt, loust, løyst, seinste, eitt, veiknar, saaleis, dei*«, etter Talemaaten i Prestegjeldi lenger vest, — og inkje »*blott, lost, løst, senste, ett, veknar, saales, di* (utan Tone), som er Formerna i Selljors (og Kvitseids) Maalet; Selljoringen og Kvitseidingen segjer, »du er *seint* ute og *reiser* i detta *bloute* Føre«; men naar ein Konsonant kjem til, saa vert det mest: »*senste* saa *løste di* Hesten aa *reste,* saa *blott ett* Føre som dæ (de) va«. «Halvljoden« e (ein Ljod imillom æ og ø) nyttar han (og Selljorsmaalet) inkje ofta, og berre der det fell seg so i Røda, inkje so jamlegt som dei vestlengre Maali. E'en i »*Baane*« Barnet, »*funne*« funnet, »*Hane*«, »*eldre*« er kvass og langt paa Vegjen til i; men i »*Hanen*«, »*funnen*« er E'en sljo atter, just som »Halvljoden« i »kjæme«, men med ein annan Tone, sjølvsagt. Skrivemaaten her er den same som i »Hugaljo«, og i det meste som i »Landsmaalet«; her er soleis prentat »*kunna, Hund, Tumme*«, med di Folk no er upptamde med aa lesa »Konna« som »Kaanna«, »Hond« som »Haand« o. s. f. — Naar ein les dette, elder eit annat Telemarksmaal, fær ein lesa »*Hund*« som Rim paa »vond«, og »*kunne*« som Rim paa By-Uttalet av »vonde« (vonne); »*Honn, Konn*« fær ein lesa med open o, — som heve eit litet Drag av ø — og inkje som »Haann, kaann«; dette seinste tyder i Selljorsmaalet »oss«. Her er prentat »koma, kjem, brenne,« o. s. f.; men det hadde voret meir etter Uttalet, um her hadde stadet »kaama, kjæm, brænne«. »Ouga« kunde, etter Uttalet, like so gjerna hava voret skrivet »Øuga«, kann henda.

Tydingar av nokre Ord.

Aall'en, Eigaren te Ulefoss. *Avgu* overs, ovende. *Bruk* Timber. Ein *Bjor,* Bøver, 2, Sæling, Kryp. Ei *Bufær,* ei Ferd med Kretur, som skal til Stødls. Ein *Farm,* Flokk, Mengd, med Folk elder Fe elder annat. *Gvit, gvile, gvass* er Selljors Talemaaten fyr *kvit, kvila, kvass;* same Uttalet er er der i heile øystre Telemarki, fraa Lundeherad og upp til Tinn, liksom i Numedal, i Sigdal, og sume Stader paa Ringerike og Hadeland, og alt til Solør (sjaa Ivar Aasens Grammatik); *gvor* og *gvorandre* høyrast mest hjaa dei yngre, men er mindre i Bruk enn *kvor,* enno. *Hosta* kvat fyr ein, kvat Slag; *hoss* og *hosse* korleides; *hor* og *hore* kvar? Ei *Hadd* Hall, Lid som inkje er for bratt; detta *Hadd,* liksom *fjødde, Moddur* (og *Mollur*), *fygje, Sygje* (og *Sylgje*) er vel standande atter fraa ei Tid, daa Selljorsmaalet var meir likt Maalet i Vestbygderna (og i *Sætesdalen*) som det er der no, med sitt »adde, Fjøddi, Hæg, Fokk«. Ei *Holle,* Hodda i ei Gryta; dette Ordet, liksom *Skoll,* fyr *Skodd,* paa Lista, *Brollar* fyr *Broddar* i Raabygdelaget, og sume andre (*Mell* paa Austlandet istadenfyre *Meidd? Hallingdal?*) heve maatt fylgt med den Straumen fraa Utmannbygdi og Bokmaalet som dreiv dei uskylde D'arne til Fjells. *Hest,* »*leggje eit Tre i Hest*«, fella eit Tre soleis, at det verd liggjande fast i eit annat. Ei *Jakkull,* so myket Ull, som gjeng til ei Jakka elder Trøya. *Kaasa* kjaasta, stynja, um Fe. *Kaanns, kaanses* vaar. Ein *Lokje,* Lamp, Labb, svær Neve. *Mei* meir. *Ne-fe-tvert* endeleg »absolut«. *Oue* og *øye,* jamra seg, gjeva seg hardt. Ei *Olle,* Ila, Kjelda. Ei *Otu,* Tak, Strid, Ryk. Ei *Slotu,* ei nokot lang Tid. Aa *sende,* kasta seg elder renna fort. Eit *Skot,* Timberløypa. Han »*skalv 'kje i Slira*«, elder rettare «*skalv kje i Sliro*« elder »*i Slirinn*«: han hadde eit fast Grip paa Kniven, var vœl vand med aa taka til 'n. *Spønde saa heimatt saa Flettune flaug:* sprang heim atter, so det fouk Mosedottarne og Torvfillorne o. s. f. *Trek* diger. *Sjur* styrd, stiv, umjuk. *Tulla* syngja, helst smaasyngja. Ei *Ufs,* ein liten bratt elder fly Fjellvegg. Aa *skvetta,* aa slengja. Ei *Skor,* Fotskor, Sengjeskammel. Ein *Skut,* Fjøllhamar, som skyt utyver. Ei *Spire,* Hornsaud.



Norske
øker ♣





Austlid, A.:	Sinklar-Soga . . .	0 75
Klæboe, J.:	Songar og Sogor . .	1,00
Koht, H.:	Norsk brevbok . . .	1.00
Løland, R.:	Hugtekne	3.00
—„—	Jordvend	1.80
Mortenson, J.:	Svall	3.00
Seland, H.:	Andror	1.60
Lur-Laat. :	Visor og stev . . .	1.50
Lie, John:	Aarolilja. Dikt . .	1.00
—„—	Paa Fjell og Fynne .	1,50
Telnes, J.:	Sterkenils	0.60
Billeder av norske bokmenner à		0.25



Skriv etter Boklister!

Bertrand Jensen

Bokreidar

Oslo